

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

1992

Innhald:

Årsmelding	side 1
Rekneskap	side 7
Revisorrapport	side 19



**VOLDA ØRSTA
REINHALD**
Volda/Ørsta Reinhaldsverk

ÅRSMELDING FOR 1992

VOLDA/ ØRSTA REINHALDSVERK

INNHOLD:

- 1.0. Organisasjon og administrasjon.
- 2.0. Drifta i 1991.
- 2.1. Bemanningsplan.
- 2.2. Innsamlinga og transportmateriell.
- 2.3. Drifta av VØR.
- 2.3.1 Bilbatteri.
- 2.3.2 Småbatteri.
- 2.3.3 Kvitevarer.
- 2.3.4 Glas.
- 2.3.5 Metall til gjenvinning.
- 2.3.6 Grovavfall.
- 2.3.7 Papp og papir.
- 2.3.8 Spesialavfall.
- 3.0. Slam.
- 4.0. Grovavfallsfylling.
- 5.0. Avgifter.
- 6.0. Rekneskap for 1992.
- 7.0. Konklusjon.



**VOLDA ØRSTA
REINHALD**
Volda/Ørsta Reinhaldsverk

1.0 Organisasjon og administrasjon:

Volda/Ørsta reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap, skipa av kommunene Volda og Ørsta, som eig selskapet med like delar kvar.

Selskapet er organisert og administrert i høve til gjeldande vedtekter, og er å rekne som eit sjølvstendig selskap med arbeidsgjevaransvar for dei tilsette.

Det er tilsett ein driftsleiar til å ta seg av dei administrative oppgavene. I tillegg vert det leigt inn tenester for løn og rekneskapsarbeidet. Det er Voldaregneskap A/S som har dette arbeidet.

2.0 Drifta i 1992.

2.1 Bemanningsplan:

Det har vore 11,5 tilsette i reinhaldsverket i 1992. Desse stillingane er fordelt på 4 sjåførar, 5 innhentrarar, 1 formann, 0,5 stilling som oppsynsmann og driftsleiar. I tillegg har vi stort sett hatt inne ein fast ekstra mann, for å dekke opp kortidsfråvær.

Det vart tilsett ny driftsleiar i VØR frå 1/4-92. Forrige driftsleiar har stillinga som oppsynsmann, men pga. sjukefråvær, har ein av dei tilsette vikarert i stillinga frå november. Det har då vore innleigt ekstra kapasitet på innhentinga.

Innhentingsrutinene og rutinene på Miljøstsjonen fungerte svært godt i 1992. Det er god vilje mellom dei tilsette til å ta seg nye og større oppgåver etter kvart som desse endrar seg.

2.2 Innsamlinga og transportmateriell:

Som det går fram av årsmeldinga frå 1991, fekk vi på slutten av 1991 havari på girkassa på ein av dei eldste bilane. Girkassa vart sendt til Sverige for renovering, og bilen kom i sving i februar/mars. Det har seinare vore to gjentak av kassa, men det ser ut som ho no fungerer tilfredstillande.

Bilparken til VØR var ved utgangen av 1992 som fylgjer:

Mercedes (78) Norba Ki 5
Volvo FL6 (82) Semat
Nissan (85) Norba, krokloft
Volvo FL614 (88) Norba Ki 12
Scania M 93 (90) Norba Ki 12

På grunn av svært store vedlikehaldsutgifter vart det på hausten 1992 vedteke å skifte ut den eldste av bilane. Denne vart bestilt for levering på nyåret 93. I tillegg vart det og gjordt vedtak om å kjøpe inn ein mindre tenestebil for internt bruk. Begge desse bilane er med på 1993 budsjettet.

Det vert ein stadig betre utnytting av materiellet i selskapet. I 1992 vart innhentingsområdet utvida til å gjelde Dalsfjord og Lauvstad. (Tidlegare hadde ein lokal innhentar betjent desse områda).

2.3 Drifta av VØR i 1992:

Dei ulike instruksane synest å fungere tilfredstillande. Dette fører til at det daglege arbeidet med

å få inn avfallet går fint. Vi fekk derimot ein del vanskar med leveransane til Grautneset då MRF streika. Som ei kriseløsing på dette vart det køyrt ein tur til Lillehammer for deponering der.

Teknisk sett fungerer stasjonen noko lunde, men slitasjen på anlegget byrjar å verte merkbar. Det vart laga nye feste for konteinrarane, men det trengst også eit heilt nytt stempel i nærmaste framtid. I tillegg rustar konteinrarane, og er modne for oppussing. Det er håp om at dette får plass på budsjettet for 1993.

Dei sentrale styresmaktene har pålagt alle kommuner å utarbeide ein avfallsplan som syner mengder avfall, type avfall og framtidig handtering. Opprinneleg var dette arbeidet sett vekk til ein konsulent, men VØR fann det mest teneleg å utarbeide planen sjølve. Det vart sett av mykje tid i 92 til å studere ulike løysingar innanfor avfallinnsamling og handsaming. Planen skal vere ferdig til presentasjon/ høyring i april månad.

I planen skal det gå fram korleis vi vil handtere dei ulike typene av avfall i framtida. Men VØR har allereie i dag eit godt utbygd mottak for spesialavfall på Miljøstasjonen.

Vi har i 1992 motteke følgjande mengder:

2.3.1 Bilbatteri:

Alt som vert samla inn av bilbatteri vert levert til stasjonen av brukarane. I 1992 kom det inn omlag 40 tonn av denne fraksjonen. Vi vonar at vi med betre tilbod i distrikta kan auke denne mengda monaleg.

2.3.2 Småbatteri:

Reinhaldsverket har vore med i "Battetordninga". Dette var ein ordning som dekte heile fylket, og har fungert på den måten at butikkar som sel slike batteri, har hatt ståande oppsamlingsseiningar som ein sentral entrepenør då har tømt 3-4 gongar i året.

På grunn av nye og meir miljøvenlege batteri, vart ordninga med innsamling avslutta 31.12.92. Det er no opp til reinhaldsverket å handtere det som måtte kome inn av miljøfarlege batteri på ein forsvarleg måte.

Det vart i 1992 samla inn 1,6 tonn småbatteri i Ørsta og Volda.

2.3.3 Kvitevarer:

Mengda inn av kvitevarer er stabil. Vi tok i mot 550 stk. kvitevarer i 1992. Dette er fordelt på komfyrrar, kjøleskap, frysarar vaskemaskiner osv.

Dessverre kom vi ikkje i gang med tapping av kjølegassar i 92. Det er planen at dette kan skje i 1993.

2.3.4 Glas:

I tillegg til mottak på Miljøstasjonen, har vi utplassert omlag 8 stk igloar til innsamling av glas. Dette har resultert i at vi har fått inn omlag 44 tonn med klart og farga glas i 1992. Vi arbeider her med å utvide tilbodet, for desse oppsamlingsordningane har vorte svært godt motteke.

Det har tidlegare vore vanskar med avsetnad på glaset, men det synest som at dette no betrar seg. Staten har saman med Moss glassverker garantert for avtak av glas.

2.3.5 Metall til gjenvinning:

Vartdal Gjenvinning har ein konteinar ståande på Miljøstasjonen til metallavfall. Det er i hovudsak private som nyttar dette tilboden. I 1992 gjekk det 48 tonn metall frå Miljøstasjonen til attvinning på Vartdal.

2.3.6 Grovavfall:

Det som er nytt i 1992, er at VØR har teke hand om grovavfallet også frå Ørsta. Denne ordninga kom i gang frå 1/7-92. (ref. punkt 4.0).

Totalt er det registrert 4000 m³ med grovavfall til Alida i 1992.

2.3.7 Papp og papir:

VØR har heller ikkje i 1992 hatt noko tilbod om innsamling av papir og papp. Det er derimot fleire som driv med innsamling. Peterson Sykkylven A/S har rute ein gong i veka og samlar inn papp frå næringslivet. I tillegg driv Vartdal Skulekorps organisert innsamling. Mork idrettslag har eit mottak på Miljøstasjonen. Reinhaldsverket stiller med gratis transport til dei organisasjonane som driv denne forma for innsamling.

Totalt i 1992 vart det samla inn omlag 50 tonn papp og papir i Volda og Ørsta.

2.3.8 Spesialavfall:

VØR har på Miljøstasjonen tilbod om mottak av dei fleste typer av spesialavfall. Det er svært varierande bruk av dette tilboden, og det er tydeleg at vi må ut i distrikta for å få inn dei store mengdene spesialavfall. Det vert arbeidd med å plassere ut små konteiarar på bensinstasjonar og nærbutikkar.

3.0 Slam:

VØR startet opp med organisert töming av slamavskiljarar 1. juli i 92. Ordninga møtte sterkt motstand i samfunnen, noko som delvis skuldast därleg informasjon i forkant ordninga. Reint teknisk fungerer samarbeidet med Miljøservice A/S svært bra. Det som kjem til å skape vanskar i framtida, er deponering og handsamningsplass. Det slammet vi tok i mot etter første tømerunde, vart nytta som dekkmasse på den gamle brennplassen i Alida. For neste tømerunde må vi ha alternativ plass, og dette vert drøfta i avfallsplanen.

Vi tok i mot omlag 1000 m³ med slam i 1992.

4.0 Grovavfallfylling:

Det vart sett i gang opparbeiding av nytt deponi for grovavfall i 1992. Deponiet er på anlegget til Nautvik Knusevek i Alida. Det vart i første omgang skote ut omlag 5500 m³. Av dette var det fylt opp omlag 1800 m³ ved årskiftet.

Det må arbeidast vidare med å sortere betre avfallet som går til deponiet i Alida. På sikt vil vi få store vanskar med flygeavfall, i og med at mengder av papir og papp vert levert som grovavfall frå industrien.

Levering til deponiet skjer hovedsakeleg ved tre - fire private konteinrar firma. Desse har skrifteleg avtale med VØR, og er ansvarlege for kva dei tømer i hola. Entrepeneurane rapporterer til reinhaldsverket ein gong i månaden om innkomne mengder. I tillegg har vi eit mottak i konteinrarar på Miljøstasjonen.

Til å jamne og komprimere avfallet, vart det på seinsommaren kjøpt inn ein eldre beltegåande gravemaskin.

Det ligg til oppsynsmannen å halde hola i drift.

5.0 Avgifter:

Inntektene til VØR er fordelt på avgifta på kvar husstand, og deponeringsavgift frå næringslivet. Det syner seg at det er dei tenestene som er innkalkulert i avgifta, og som då er "gratis", som fungerer. Eit mål må vere at vi kan utvide dette tilbodet med "gratis-leveransar". Dette vil heilt sikkert gi ein positiv effekt på innkomne mengder.

For industrien må det verte eit mål og kunne "premiere" dei som sorterer avfallet før deponering.

Vi vil nok ikkje få nokon nedgang i avgiftsnivået dei nærmaste åra. Dette trass i at vi arbeider med å minske mengde avfall til deponi/forbrenning. Det er stadig nye krav om å ta hand om fleire typer fraksjonar, og dette krev investeringar over tid.

VØR har ei av dei høgaste avgiftene på renovasjonsordninga. Vi må vere svært varsome med investeringar utan også å ha ein dokumentert gevinst. Dette for å hindre at kapitalkostnadane skal bli for tyngande på avgiftene.

6.0 Rekneskapet for 1992:

Drifta for 1992 er gjort opp med eit rekneskapsmessig underskot på kr.25.079,53. Då er underskotet frå 1990 dekka med kr. 331.748,25 (av dette er kr. 163.617,- overskot frå 1991). Det er vidare sett av kr. 146.351,75 på post 38.89.100, "ubrukte lånemidlar".

Underskotet skuldast delvis at det er ein svikt i høve til budsjettet i årsoppgjøret med kommunene, og overgangen frå kontantprinsippet til rekneskapsprinsippet (påløpte kostnader). Overgangen og føringa av dei ulike postane er utført etter råd frå revisor.

Det er to nye inntektspostar i rekneskapet for 1992. Det er grovavfallet frå Ørsta, og slamtøminga. Slamtøminga vert i 1992 "subsidiert" av VØR, i og med vi betalar entrepenøren meir enn vi tek inn i årskostnaden. Dette vil då jamne seg ut i 1993, då vi ikkje har så store kostnader til entrepenøren.

På lønssida ser vi at vi har ein stor auke på ekstrahelpposten. Dette forklarast med at vi har nytta eigne folk i delar av opparbeidingsa av nyanlegg og vedlikehald av stasjonen. Ekstra utlegg på grunn av sjukefråvær, vart stort sett dekt opp av refusjon av sjukepengar.

Fordeling på årsaken til underskotet

7.0 Konklusjon:

1992 har vore eit innhaldsrikt år. Det har vore arbeidd mykje med å legge til rette for drifta etter nye krav som kjem dei nærmaste åra.

Arbeidet med å dekke så nær 100% av kommunene som råd må gå vidare, med den filosofien at til fleire som er med å betalar i anlegg og utstyr, til rimelegare kan det heile verte.

Det ligg føre svært store omleggingar i innhentingssrutiner og handsamingsmetodar, og ein må allereie no definere eit mål, og arbeide målbevist framover. Ikkje minst gjeld dette informasjonen til publikum.

Eg vil til slutt syne til avfallsplanen for kommunene Volda og Ørsta som skal ligge føre i april månad. Ein vil her i detalj gå gjennom naudsynte tiltak og økonomien i desse.

Hovdebygda , den 9. mars 1993

Kjetil Årøen
driftsleiar

DEBET		KREDIT	
1/1 19	Saldo(undersk. i kapital)	1/1 19 92..... Saldo (kapital)	1.048.740,09
Debetposter i året :		Kreditposter i året:	
Salg av fast eiendom		Aktivering av fast eiendom	607.448,25
Nedskrivning av fast eiendom	122.400,00	Oppskriving av fast eiendom	
Avskrivning av maskiner og transpm.	218.750,00	Aktivering av maskiner og transp.	160.500,00
Salg av aksjer		Kjøp av aksjer	
Nedskrivning av aksjer		Oppskriving av aksjer	
Avdrag på utlån		Utlån	
Avskrivning på utlån		Tilbakeføring på lån av fondsmidl.	
Lån av fondsmidler		Tilbakeføring på lån av kont.beh. .	
Lån av kontantbeholdning		Avsetning til kontantbeholdning..	
Overføring fra kontantbeholdning . . .		Avdrag på eksterne lån	341.150,00
Bruk av länemidler fra eksterne lån...	684.648,25		
Feriepengar, utbet 92	183.143,05		
Arbeidsgjevaravgift feriepengar utbet 92	24.174,88		
31/12 19 92..... Balanse (kapital) . . .	924.722,16	31/12 19 Balanse (undersk. i kapital)	
Kr.	2.157.838,34	Kr.	2.157.838,34

Hovdebygdå den 15. mars 1993

SØRE SUNNMØRE
KOMMUNEREVISJON

HØVEDOVERSIKT REKNESKAP 1992 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 09/03/93

SIDE: 8

KONTO	UTGIFTER	INNTEKTER	RESULTAT
38.00.	TOTALE UTGIFTER OG INNTEKTER		
38.00.0	LØNSUTGIFTER	0,00	2.687.495,33
38.00.1	KJØP OG VEDIKEHALD AV ANLEGG OG UTSTYR	422.249,04	
38.00.2	DRIFTSUTGIFTER	5.973.849,41	
38.00.3	RENTER OG EKSTRAORDINÆRE UTGIFTER	641.235,12	
38.00.4	NYANLEGG	607.448,25	
38.00.5	FINANSIELLE UTGIFTER	672.898,25	
38.00.6	INNTEKTER RENOVASJON	0,00	9.936.569,18
38.00.7	REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER	0,00	87.965,73
38.00.8	TILSKOT	0,00	-24.000,00
38.00.9	FINANSIELLE INNTEKTER	0,00	-931.560,96
38.00.990	REKNESKAPSMESSIG UNDERSKOT 1992 TOTALE UTGIFTER / INNTEKTER	<u>11.005.175,40</u>	<u>11.005.175,40</u>
		<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
		<u>25.079,53</u>	<u>25.079,53</u>
		<u>11.005.175,40</u>	<u>11.005.175,40</u>

OVERSIKT OVER NYBYGG
OG NYANLEGG M.V. VOLDA / ØRSTA REINHALDSVERK

1992

9

Konto	Anlegg, kostnadsoverslag, dekning	Tidligere medgått	Medgått i året	Overført ubrukt (av driftsmidler)	Til senere dekning
38.00.110	Gravemaskin	0,00	160.500,00	0,00	0,00
38.00.420	Anlegg Slam	4.264,08	156.998,47	0,00	0,00
<u>38.00.430</u>	<u>Anlegg Grovavfall</u>	<u>2.000,00</u>	<u>450.449,78</u>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
		<u>6.264,08</u>	<u>767.948,25</u>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
<u>Dekning:</u>					
38.00.985	Lån Kommunal Landspensjonskasse	0,00	160.500,00	0,00	9.500,00
38.00.986	Lån Kommunal Landspensjonskasse	0,00	524.148,25	0,00	136.851,75
38.00.989	Fondsmidler avsatt 1991	0,00	83.300,00	0,00	0,00
	<u>Driftsmidlar</u>	<u>6.264,08</u>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
		<u>6.264,08</u>	<u>767.948,25</u>	<u>0,00</u>	<u>146.351,75</u>

KONTO-NUMMER	REKNEKAP 1992	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT	REKNEKAP 1991
38.00.0 LØNSUTGIFTER				
38.00.001 MØTEGODTGJERSLE	9.600,00	19.400,00	12.000,00	4.550,00
38.00.010 LØN I FASTE STILLINGER	1.824.311,96	1.805.140,00	1.909.700,00	1.697.181,18
38.00.081 EKSTRAHJELP	377.098,09	369.800,00	250.000,00	309.722,38
38.00.082 OVERTID	88.106,47	88.110,00	30.000,00	61.813,24
38.00.090 ARBEIDSGJEVARAVGIFT TIL FOLKETRYGDEN	304.808,27	299.330,00	294.600,00	275.371,37
38.00.091 PENSJONSUTGIFTER	61.422,80	41.580,00	87.500,00	12.910,95
38.00.092 KOMM. OPPLÆRING	1.213,74	1.710,00	0,00	2.896,50
38.00.093 EGEN KAP. PENSJON	16.119,00	16.120,00	0,00	42.674,00
38.00.095 SOSIALE KOSTNADER	4.815,00	4.815,00	5.000,00	0,00
SUM LØN	<u>2.687.495,33</u>	<u>2.646.005,00</u>	<u>2.588.800,00</u>	<u>2.407.119,62</u>
38.00.1 KJØP OG VEDLIKEHALD AV ANLEGG OG UTSTYR				
38.00.110 NYANSKAFFELSER AV MASKINAR OG TEKNISK UTSTYR	256.833,39	257.000,00	75.000,00	0,00
38.00.120 INNBU OG UTSTYR	62.885,76	68.000,00	0,00	2.877,23
38.00.151 VEDLIKEHALD ALIDA	10.073,61	10.100,00	2.000,00	56.762,24
38.00.152 VEDLIKEHALD KOMPROMATORSTASJON	90.917,25	90.000,00	60.000,00	26.864,90
38.00.153 VEDLIKEHALD MASKINAR OG UTSTYR	1.529,03	1.550,00	12.500,00	12.630,30
SUM ANLEGG OG UTSTYR	<u>422.249,04</u>	<u>426.650,00</u>	<u>149.500,00</u>	<u>99.134,67</u>
38.00.2 DRIFTSUTGIFTER				
38.00.200 KONTORUTGIFTER	82.582,05	85.000,00	50.000,00	49.900,94
38.00.201 GEBYRER/BETALJINGSFORMIDLING	5.904,20	5.500,00	2.000,00	1.771,00
38.00.210 LYSPARENSEL	37.959,92	50.000,00	50.000,00	39.836,50
38.00.211 REINHALDSMATERIELL/LYSPARE ETC.	2.180,10	3.500,00	0,00	395,00
38.00.212 REINHALD	30.725,50	32.000,00	35.000,00	30.317,63
38.00.213 KOMMUNALE AVGIFTER	18.195,42	20.100,00	12.000,00	11.376,58
38.00.222 AVGIFTER OG TRYGDER PÅ BYGG	5.822,00	9.000,00	9.000,00	8.918,00
38.00.226 GRUNNLIGE FOR FYLPLASS I ALIDA	1.200,00	1.000,00	1.000,00	0,00

KONTO-NUMMER	REKNEKAP 1992	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT	REKNEKAP 1991
38.00.230	REISE / KOST OG REPRESENTASJON	59.934,30	60.000,00	13.620,40
38.00.231	FERJEUTGIFTER	32.984,80	28.500,00	20.712,00
38.00.240	AVGIFTER OG TRYGDER BILAR	74.576,00	100.000,00	98.722,00
38.00.250	DRIVSTOFF OG REVISITA BILAR	0,00	0,00	6.116,59
38.00.255	TRANSPORT GRAUTNESET	459.568,40	499.600,00	453.618,58
38.00.256	TRANSPORT AV GLAS	0,00	20.000,00	12.846,90
38.00.257	TRANSPORT AV SPESIALAVFALL	0,00	0,00	2.453,41
38.00.258	TRANSPORT AV SLAM	1.130.751,84	1.135.000,00	0,00
38.00.259	DRIFTSUTGIFTER GROVAVFALL	110,66	200,00	0,00
38.00.260	VEDLIKEHALD AV BILAR OG MASKINAR	7.911,33	10.000,00	1.522,92
38.00.263	VEDLIKEHALD AV UE-46761 MB -78	77.120,58	80.000,00	120.809,57
38.00.264	VEDLIKEHALD AV UE-58711 VOLVO -82	91.356,13	100.000,00	0,00
38.00.265	VEDLIKEHALD AV UN-14905 NISSAN -84	29.003,15	30.000,00	0,00
38.00.266	VEDLIKEHALD AV UE-73901 VOLVO -88	37.732,73	43.000,00	43.271,34
38.00.267	VEDLIKEHALD AV UE-75576 SCANIA P93	48.035,85	56.000,00	54.197,23
38.00.268	VEDLIKEHALD AV TRAKTOR -88	6.871,33	7.500,00	6.272,16
38.00.269	VEDLIKEHALD AV ÅKERMAN GRAVEMASKIN	6.416,55	8.000,00	0,00
38.00.270	VERNE- OG ARBEIDSKLÆR	19.031,80	22.000,00	21.265,89
38.00.271	LINJELEIGE RADIO HELGEHORNET	22.684,00	25.000,00	23.640,00
38.00.280	GARANTI- OG ULYKKESTRYGD FOR PERSONER	17.637,00	14.000,00	23.370,00
38.00.281	KONTINGENT TIL KS	11.400,00	11.400,00	11.090,00
38.00.290	ANDRE DRIFTSUTGIFTER	13.713,47	16.000,00	7.489,12
38.00.291	KURSUTGIFTER	9.200,00	10.000,00	0,00
38.00.292	ØREAVRUNDING MEIRVERDEAUGIFT	- 0,69	0,00	- 1,01
38.00.293	UTGIFTER VED BATTERIINNSAMLING	63.737,81	64.000,00	0,00
38.00.294	REKNEKAP OG REVISJON	54.760,00	65.000,00	78.811,00
38.00.295	INNLIGE AV MASKINAR OG ARBEIDSHJELP	67.473,00	74.000,00	96.703,13
38.00.296	KJØP AV SEKKAR	305.489,55	306.000,00	343.565,00
38.00.297	KJØP AV STATIV	64.667,00	65.000,00	60.247,00
38.00.298	FORBRENNINGSUTGIFTER GRAUTNESET	3.065.013,63	3.134.357,00	2.738.797,55
38.00.299	BEDRIFTSHELSETENSTA	12.100,00	12.100,00	12.875,00
	SUM DRIFTSUTGIFTER	5.973.849,41	6.202.757,00	4.450.826,34

ÅRSREKNESKAP 1992 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 01/09/93

SIDE: 12

KONTO- NUMMER	REKNESKAP 1992	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT	REKNESKAP 1991
38.00.3 RENTER OG EKSTRAORDINÆRE UTGIFTER				
38.00.340 SKADESERSTATNING	10.882,00	20.000,00	10.000,00	7.122,00
38.00.341 ADMINISTRASJONSUTGIFTER	34.350,00	35.000,00	0,00	92.340,00
38.00.342 KONSULENTTHONORAR	4.000,00	4.000,00	0,00	25.900,00
38.00.380 RENTER OG PROVISJON KASSEKREDITT	24.885,79	18.000,00	25.000,00	7.001,25
38.00.381 RENTER PÅ LÅN ANLEGG	397.789,00	397.800,00	393.874,00	420.234,00
38.00.382 RENTER PÅ LÅN TIL BILKJØP	157.699,00	157.800,00	156.711,00	185.066,00
38.00.383 RENTER PÅ LÅN TIL GROVAVFALL OG SLAM	8.406,00	8.500,00	70.000,00	0,00
38.00.389 YMSE RENTER / MORARENTER	<u>3.223,33</u>	<u>3.500,00</u>	<u>0,00</u>	<u>1.729,90</u>
SUM RENTER / EKSTRAORDINÆRE UTGIFTER	<u>641.235,12</u>	<u>644.600,00</u>	<u>655.585,00</u>	<u>739.393,15</u>
SUM UTGIFTER DRIFT I ALT	<u>9.724.828,90</u>	<u>9.920.012,00</u>	<u>8.334.485,00</u>	<u>7.696.473,78</u>
38.00.4 NYANLEGG				
38.00.401 KOMPRIMATORSTASJON HØDDEBYGDA	0,00	0,00	0,00	1.822,92
38.00.420 ANLEGG SLAM	156.998,47	157.000,00	321.000,00	1.107,38
38.00.430 ANLEGG GROVAVFALL	450.449,78	455.000,00	423.000,00	<u>2.000,00</u>
SUM NYANLEGG	<u>607.448,25</u>	<u>612.000,00</u>	<u>744.000,00</u>	<u>4.930,30</u>
38.00.5 FINANSIELLE UTGIFTER				
38.00.522 DEKKING AV TIDLEGARE UNDERSKOT	331.748,25	331.750,00	165.875,00	22.614,54
38.00.550 AVSETTING TIL FOND TIL KAPITALFORMÅL	0,00	131.300,00	0,00	83.300,00
38.00.581 AVDRAG PÅ LÅN TIL ANLEGG	122.400,00	125.000,00	169.100,00	61.200,00
38.00.582 AVDRAG PÅ LÅN TIL BIL	218.750,00	218.800,00	218.800,00	218.750,00
38.00.583 AVDRAG PÅ LÅN TIL GROVAVFALL OG SLAM	0,00	0,00	<u>22.100,00</u>	<u>0,00</u>
SUM FINANSIELLE UTGIFTER	<u>672.898,25</u>	<u>806.850,00</u>	<u>575.875,00</u>	<u>385.750,00</u>
38.00.590 OVERSKOTT DRIFT	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>	<u>163.612,71</u>

KONTO- NUMMER	REKNESKAP 1992	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT	REKNESKAP 1991
SUM UTGIFTER I ALT	<u>11.005.175,40</u>	<u>11.338.862,00</u>	<u>9.654.360,00</u>	<u>8.250.881,33</u>
38.00.6 INNTEKTER RENOVASJON				
38.00.600 SAL AV SEKKAR VOLDA	0,00	21.000,00	26.000,00	19.262,00
38.00.601 SAL AV SEKKAR ØRSTA	16.722,00	22.000,00	27.000,00	14.863,00
38.00.602 SAL AV STATIV	78.750,00	63.000,00	63.000,00	70.000,00
38.00.610 RENOVASJONSAGIFT STATIV VOLDA	3.128.292,57	3.383.750,00	3.205.000,00	2.978.342,38
38.00.611 RENOVASJONSAGIFT STATIV ØRSTA	3.677.394,03	3.383.750,00	3.562.500,00	3.404.177,00
38.00.620 AVGIFT FORRETNINGSAVFALL VOLDA	1.140.290,06	1.011.600,00	806.600,00	860.020,27
38.00.621 AVGIFT FORRETNINGSAVFALL ØRSTA	988.267,08	1.011.600,00	806.600,00	711.964,40
38.00.630 AVGIFT GROVAVFALL	234,00	296.000,00	204.000,00	0,00
38.00.631 AVGIFT SLAM VOLDA	256.425,00	260.000,00	200.000,00	0,00
38.00.632 AVGIFT SLAM ØRSTA	644.984,77	684.000,00	0,00	0,00
38.00.670 ANDRE INNTEKTER	5.209,67	9.360,00	9.360,00	42.693,75
38.00.671 UTLEIGE MASKIN ALIDA	0,00	200,00	0,00	0,00
SUM INNTEKTER RENOVASJON	<u>9.936.569,18</u>	<u>10.146.260,00</u>	<u>8.910.060,00</u>	<u>8.101.322,80</u>
38.00.7 REFUSJONAR OG RENTEINNTAKTER				
38.00.700 REFUNDERTE SJUKEPENGAR	51.685,00	51.685,00	0,00	110.594,00
38.00.701 REFUNDERTE FERIEPENGAR	0,00	0,00	0,00	6.237,00
38.00.780 RENTEINNTAKTER FRÅ BANK	<u>36.280,73</u>	<u>15.000,00</u>	<u>0,00</u>	<u>32.727,53</u>
SUM REFUSJONAR OG RENTEINNTAKTER	<u>87.965,73</u>	<u>66.685,00</u>	<u>0,00</u>	<u>149.558,53</u>
38.00.8 TILSKOT				
38.00.839 TILSKOT AVFALLSPLAN	<u>24.000,00</u>	<u>48.000,00</u>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
SUM TILSKOT	<u>24.000,00</u>	<u>48.000,00</u>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>

ÅRSREKNEKAP 1992 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 01/09/93

SIDE: 14

KONTO- NUMMER	REKNEKAP 1992	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT	REKNEKAP 1991
FINANSIELLE INNTEKTER				
38.00.923	INNTAKSFØRING OVERSKOTT TIDLEGARE ÅR	163.612,71	163.617,00	0,00
38.00.950	FOND TIL KAPITALFORMÅL	0,00	0,00	0,00
38.00.985	LÅN KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE (GRAVEMASKIN)	160.500,00	170.000,00	0,00
38.00.986	LÅN KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE	524.148,25	661.000,00	0,00
38.00.988	STYRKING AV KONTANTMIDDELLEN	0,00	0,00	0,00
38.00.989	TILBAKEFØRING AV FONDS AVSATT 1991	<u>83.300,00</u>	<u>83.300,00</u>	<u>0,00</u>
	SUM FINANSIELLE INNTEKTER	<u>931.560,96</u>	<u>1.077.917,00</u>	<u>0,00</u>
38.00.990	REKNEKAPSMESSIG UNDERSKOT 1992	25.079,53	0,00	0,00
	SUM INNTEKTER I ALT	<u>11.005.175,40</u>	<u>11.338.862,00</u>	<u>8.250.881,33</u>

ÅRSREKNEKAP 1992 BALANSE FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 09/01/93

SIDE: 15

KONTO NUMMER	SPESIAL- SUMMER	HOVED- SUMMER
AKTIVA		
	<u>FINANSIELLE AKTIVA</u>	
38.70.610	KREDITKASSEN 05.04931 UNDERKAPITLETS SUM	<u>116.981,63</u>
	<u>FORDRINGAR</u>	
38.74.400	DEBITORAR	23.250,00
38.74.410	VOLDA KOMMUNE	-1.070.941,46
38.74.420	ØRSTA KOMMUNE	-107.244,51
	UNDERKAPITLETS SUM	<u>-1.154.935,97</u>
	<u>BEHALDNINGAR</u>	
38.78.100	BEHALDNING AV STATTV UNDERKAPITLETS SUM	<u>13.851,00</u>
	<u>ANLEGG OG ANLEGGSMIDDEL</u>	
38.78.200	TRANSPORTUTSTYR	1.099.994,40
38.78.400	KOMPRESSATORSTASJON	4.563.176,63
38.78.410	ANLEGG SPESIALAVFALL	128.079,98
38.78.420	ANLEGG SLAM	161.262,55
38.78.430	ANLEGG GROVAVFALL UNDERKAPITLETS SUM	<u>452.449,78</u>
	<u>REKNESKAPSMESSIGE AKTIVA</u>	
38.79.100	MEMORIAKONTO UBRUKTE MIDDLAR EKSTERNE LÅN UNDERKAPITLETS SUM	<u>146.351,75</u>
	<u>UNDERSKOT</u>	
38.79.800	ÅRETS REKNESKAPSMESSIGE UNDERSKOT UNDERKAPITLETS SUM	<u>25.079,53</u>
	<u>SUM AKTIVA</u>	<u>5.552.291,28</u>

KONTO NUMMER	PASSIVA	SPESSIAL- SUMMER	HOVED- SUMMER
38.83.400	<u>VAREGJELD</u> LEVERANDØRAR UBETALT PR. 31/12 UNDERKAPITLETS SUM	<u>34.741.00</u>	<u>34.741.00</u>
	<u>LÅN</u> BOLIG- & NÆRINGSKREDITT NORGES KOMMUNALBANK BOLIG- & NÆRINGSKREDITT KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE 331991 KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE 332001 KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE 033470 UNDERKAPITLETS SUM	<u>421.875,00</u> <u>2.016.400,00</u> <u>750.000,00</u> <u>661.000,00</u> <u>1.400.000,00</u> <u>170.000,00</u> <u>5.419.275,00</u>	
	<u>ANNA GJELD</u> SKATTETREKK FAGFORENINGSTREKK SKYLDIG ARBEIDSGJEVARAVGIFT FOLKETRYGDA SKYLDIG ARBEIDSGJEVARAVGIFT FOLKETRYGDA PÅ PÅLFERIEPENGAR PÅLØPTE FERIEPENGAR OPPGJERSKONTO MEIRVERDEAVGIFT KREDITKASSEN 05.00987 UNDERKAPITLETS SUM	<u>88.074,00</u> <u>0,96</u> <u>59.063,15</u> <u>23.178,00</u> <u>214.614,00</u> <u>117.638,00</u> <u>-1.475.366,74</u> <u>-972.798,63</u>	
	<u>REKNESKAPMESSIGE PASSIVA</u> MEMORIAKONTO UBRUKTE MIDDLAR EKSTERNE LÅN UNDERKAPITLETS SUM	<u>146.351,75</u>	<u>146.351,75</u>
38.89.100	<u>KAPITAL</u> KAPITALKONTO UNDERKAPITLETS SUM	<u>924.722,16</u>	<u>924.722,16</u>
	<u>SUM PASSIVA</u>	<u>5.552.291,28</u>	<u>5.552.291,28</u>
	<u>NETTO</u>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>

I ÅRET OG LÅNEGJELD VED UTGANGEN AV ÅRET

Lån nr.	88.19082	505351	75.82.001	510726	331991
Kontonummer	38.83.603	38.83.604	38.83.605	38.83.606	38.83.607
Långiver	Realkreditt	BNNBank	Norges Komm. bank	BNNBank	Komm. Landspensj. kass.
Lånet formål	Omlastningsstasjon	Innsamlingsbil	Omlastningsstasjon	Innsamlingsbil o.a	Grovavfall / Slamann
Låneform
Lånet opprett (dato)	22.02.1989	28.04.1989	25.05.1989	23.10.1990	19.08.1992
Opprinnelig størrelse (kr)	1.400.000,-	750.000,-	2.200.000,-	1.000.000,-	
Rentefot (%)	11,50%	12,05%	11%	11,6%	10,9%
Konvertibelt fra (dato)
Lånets løpetid	20 år	8 år	20 år	8 år	15 år
Siste avdrag (år)	(2009)	1997	2009	1998	2007
Kontraktsmessig avdrag i året (kr)	93.750,-	122.400,-	125.000,-	
Nye lån tatt opp i regnskapsåret (kr)	661.000,-
Avdrag utgiftsført i regnskapsåret (kr)	(1.400.000,-)	93.750,-	122.400,-	125.000,-	0,-
Renter utgiftsført i regnskapsåret (kr)	143.008,-	59.824,-	236.978	97.875,-
Oppkjøpte obligasjoner for senere terminer (kr)	8.406,-
Avdragsrestanser (kr)	
Virkelig gjeld (kr)	0,-	421.875,-	2.016.400,-	750.000,-	661.000,-
Renterestanser (kr)	
Merknader	

Lånet er innløst i
1992 og erstattet
med lån i KLP, jfr.
kto. 38.83.608

C over sikt over lånene opp til dags dato i regning

1992 18

I ÅRET OG LÅNEGJELD VED UTGANGEN AV ÅRET

Lån nr.	332001	03-033470
Kontonummer.....	38.83.608	38.83.609
Långiver.....	Komm. Landspensj. kass	Komm. Landspensj. kass
Lånets formål	Omlastingsstasjon	Gravemaskin
Låneform		
Lånet opptatt (dato)	19.08.1992	16.12.1992
Opprinnelig størrelse (kr)		
Rentefot (%)	10,9%	10,9%
Konvertibelt fra (dato)		
Lånets løpetid	15 år	10 år
Siste avdrag (år)	2007	2002
Kontraktsmessig avdrag i året (kr)		
Nye lån tatt opp i regnskapsåret (kr)	(1.400.000,-)	170.000,-
Avdrag utgiftsført i regnskapsåret (kr)		
Renter utgiftsført i regnskapsåret (kr)	17.803,-	
Oppkjøpte obligasjoner for senere terminer (kr)		
Avdragsrestanser (kr)		
Virkelig gjeld (kr)	1.400.000,-	170.000,-
Renterestanser (kr)		
Merknader	Lånet erstatter lån nr. 88.19082 i Real-kreditt og er ei rein ompllassering, sjå kto. 38.83.603	Tilsagn kr. 353.100 Teke ut kr. 170.000

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON


Til Representantskapet i Volda og Ørsta Reinhaldsverk
6150 ØRSTA

REVISJONSMELDING 1992

Vi har revidert rekneskapen til Volda og Ørsta Reinhaldsverk for 1992 i samsvar med instruks/forskrifter om revisjon og god kommunal revisjonsskikk. Årsrekneskapen som består av driftsrekneskap, kapitalrekneskap og balanserekneskap m/tilhøyrande rekneskaps-utgjøring (notar/kommentarar) samt løyvingsrekneskap, oversikt over garantiansvar, og kapitalkonto er gitt av styret i reinhaldsverket.

Årsrekneskapen er avgjort i samsvar med lov og gjeldande forskrifter og gir eit uttrykk for verksemda sitt årsresultat og stilling som stemmer med god kommunal rekneskapskikk. Den framlagde årsrekneskapen, som viser eit rekneskapsmessig underskot på kr 25 079,53 kan fastsettast som Volda og Ørsta Reinhaldsverk sitt årsrekneskap for 1992.

Volda, 2. april 1993


Jostein Støylen
revisjonssjef

kopi til: -Volda kommune
-Ørsta kommune